

Demontering er igang

27.12.2011



Så er det vanleg kvardag att og det er vanleg arbeidsdag for mange.
Litt spesielt er det på SPAR, for der er frivillige med band til
familien igang med demonteringsarbeid før utbyggingsprosjektet
startar for alvor like over helga.

Å plukke vekk skilt var ei av oppgåvane i føremiddag og det er Asle Moberg og Sigurd Børve i gang med på dette biletet. Dei har nettopp fjerna Rikstoto-skiltet og så er posten for tur. Men dei presiserte at både Rikstoto og posten vil leva vidare på SPAR!

Noko av det første som skal skje av inngrep er at det blir opna ei ny inngangsdør. Men kor 'kosekroken' som også forsvann i dag skal plasserast i byggjetida er ikkje heilt klårt førebels
- Det spelar ingen rolle berre den ikkje forsvinn, var ein kommentar frå ein kunde.

Foto: Ola Matti Mathisen